

Kopi til: Deltakarkommunane

**Til medlemmane  
i Representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS**

Det blir kalla inn til møte i Representantskapet **torsdag 17. oktober 2019 kl. 12.30** i 4. etasje i Lerstadvegen 545. Vi inviterer til lunsj i kantina **frå kl. 12.00** for dei som ynskjer det.

**SAKLISTE:**

- Sak 07/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 16.05.2019
- Sak 08/19 - Budsjett 2020 og økonomiplan - Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS
- Sak 09/19 - Regulering av godtgjersle til styret og representantskapet
- Sak 10/19 - Erfaringsutveksling frå kontrollutvala

Dersom det er vanskeleg å møte, gje beskjed på telefon 70 17 21 58, 926 11735 eller e-postadresse [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no)

Torgrim B. Finnes  
leiar i representantskapet  
(sign)

**Sak 07/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 16.05.2019**

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

**Representantskapet**

**MØTEBOK**

Møtedato: 16. mai 2019, kl. 12.30

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etg. i SKS IKS sine lokale

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes.

Elles til stades:

Jonas Falch, Stordal kommune, Gudmund Relling, Norddal kommune, Rolf Bergmann, Sykkylven kommune, Sigrid Eidsvik, Haram kommune, Helge Kvame, Stranda kommune, Rolf Liebich, Skodje kommune, May-Sissel Osvik, Ørskog kommune, Geir Ove Vegsund, Sula kommune, Gunnar Morsund, Giske kommune, Svein Ove Søholt, Sandøy kommune,

= **11 voterande**

Forfall: Robin Mikal Sørle, Midsund kommune og Thor Hansen, Ålesund kommune.

Frå styret møtte styreleiar Inge Gjørde.

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

---

**Sak 03/19 Godkjenning av møtebok frå møte 21. februar 2019**

**Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå møtet 21. februar 2019 blir godkjent.

### **Sak 04/19 Rekneskap 2018 – Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. april 2019

#### **Representantskapets sitt samrøystes vedtak:**

Representantskapet godkjenner rekneskap 2018 for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS med eit overskot på kr. 10.498,-.

---

### **Sak 05/19 - Oppnemning av valkomité**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 12. april 2019

#### **Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Torgrim Finnes, Ålesund kommune, Sigrid Eidsvik, Haram kommune og Gudmund Relling, Norddal kommune oppnemnst som valkomité. Arbeidet blir leia av Torgrim Finnes og komiteen rapporterer til det nyvalde representantskapet etter kommunevalet hausten 2019.

### **Sak 06/19 - Erfaringsutveksling frå kontrollutvala**

Kvar leiar ga ei orientering kring status i eige utval. Orienteringane blei tatt til vitande.

---

Møtet var slutt kl. 13.45

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

<b>Sak 08/19 - Budsjett 2020 og økonomiplan - Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS</b>
---

*Vedlegg: 1. Budsjettforslag 2020 og økonomiplan 2021-2023*

**Bakgrunn:**

Budsjettforslaget er sett opp i samsvar med § 18 i Lov om interkommunale selskap og skal gi eit realistisk bilete av verksemda og det forventa resultatet av drifta for 2020.

Den enkelte deltakarkommune sin budsjettandel for 2020 er ei teknisk utrekning i samsvar med den nye selskapsavtalen (gjeldande frå 1. januar 2020) der også forventa medgått tid er ein faktor. Ein syner til sak 02/19 i representantskapet sitt møte 21. februar 2019 for ei nærare utgreiing av denne berekningsmodellen.

Budsjettforslaget for 2020 er sett opp med utgangspunkt i rekneskapslova sine reglar og Norsk standard kontoplan 4102.

**Styret sitt forslag til budsjettandel deltakarkommunane SKS IKS 2020:**

### **Budsjettert fordelingstabell av deltakarkostnader SKS IKS 2020**

	andel	50 % eigardel	medgått tid	% medgått tid	totalt 2020
Ålesund	6	710000	585000	45	1295000
Fjord	1	118000	143000	11	261000
Giske	1	118000	143000	11	261000
Stranda	1	118000	143000	11	261000
Sula	1	118000	143000	11	261000
Sykkylven	1	118000	143000	11	261000
<b>sum</b>	<b>11</b>	<b>1300000</b>	<b>1300000</b>		<b>2600000</b>

**Styret si tilråding til vedtak i representantskapet:**

1. Budsjett 2020 og økonomiplan for Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS blir vedteke slik det ligg føre i vedlegg nr. 1, jfr. også fordelingstabell.
2. Deltakarkommunane betaler inn sin budsjetterte del av utgiftene med 1/3 med forfall 1. mars, 1. juli og 1. november i budsjettåret.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

**Vedlegg 1, Sak 08/19 - Budsjett 2020 og økonomiplan - Sunnmøre  
Kontrollutvalsekretariat IKS**

**FORSLAG BUDSJETT 2020**

		Budsjett 2020
3100	Deltakarkommunar avg.fri	2600000
	<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>26000000</b>
5000	Fastlønn	1150000
5050	Bilgodtgjørelse oppg.pl.	10500
5051	Bilgodtgjørelse, oppg.pl avgiftspl.	
5090	Feriepenger	140000
5300	Godtgjørelse til styre/representantskap	100000
5400	Arbeidsgiveravgift	150000
5405	Arbeidsgiveravg av påløpne feriep	20000
5421	KLP Premiepensjon og egenkapitalinnskudd	200000
5431	Reg. premie KLP (2017)	
5432	Kostnadsføring KLP innskudd (2017)	
5990	Velferdsmidler	
	<b>Sum personalkostnader</b>	<b>1770500</b>
6100	Medlemskontingenter	60000
6101	OU-kontingenter arb.giver	
6300	Leie lokaler	70000
6340	Strøm	2000
6350	Parkering	9000
6360	Renhold	6000
6390	Felleskostnader lokaler	11000
6510	EDB-utgifter	30000
6700	Revisjonshonorar	42000
6705	Regnskapshonorar	52000
6720	Konsulenthonorar økonomisk / juridisk	250000
6730	Konsulenthonorar adm / tekstbehandling	140000
6800	Kontorrekvisita	5000
6840	Oppslagsverk, aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	15000
6860	Møte, kurs, oppdateringer o.l.	80000
6861	Møter og kurs, kontrollutvalget	
6870	Kurs og kostnad kontrollutvalg	5000
6890	Annen kontorkostnad (KOMREV)	
6900	Telefoni og annen el. kommunikasjon	15500
6940	Porto	2000
7040	Forsikring og avgift transportmidler	
7050	Ulykke- og fritidsforsikring	5000
7100	Bilgodtgjørelse oppg.pl.	
7140	Reisekostnad, ikke oppg.pl.	40000

7770	Bank- og kortgebyr	
8040	Renteinntekter skatt, skattefri	
	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>839500</b>
	<b>SUM KOSTNADER</b>	<b>2610000</b>
8051	Renteinntekter (finansinstitusjoner)	-10000
8150	Rentekostnad (finansinstitusjoner)	
	<b>Sum netto finans</b>	<b>-10000</b>
	<b>RESULTAT</b>	<b>0</b>

## ØKONOMIPLAN 2021-2023 SKS IKS

### Forslag til økonomiplan 2021-2023

	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
INNETKT KOMMUNER	2 600 000	2 678 300	2 678 300	2 678 300
LØNN OG PERSONALKOSTNADER	1 770 500	1 823 600	1 823 600	1 823 600
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	839 500	864 700	864 700	864 700
NETTO FINANS	-10 000	-10 300	-10 300	-10 300
SUM KOSTNADER	2 600 000	2 678 300	2 678 300	2 678 300
<b>RESULTAT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## **Sak 09/19 - Regulering av godtgjersle til styret og representantskapet**

### **Bakgrunn:**

Etter kommunelova § 41 har den som har eit kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser, som følgje av vervet sitt etter gjeldande reglar.

Tap av inntekt og påførte utgifter som følgje av kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv skal godtgjerast opp til eit visst beløp pr. dag. Det skal vidare fastsettast ulike satsar for legitimerte og ulegitimerte tap.

Det følgjer vidare av kommunelova § 42 at den som har eit kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjersle for sitt arbeid etter nærare reglar.

Eksisterande godtgjersle er følgjande:

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret er kr 1.700,- pr. møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret har fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle per møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer kr 23.000,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer kr 8.300,-. Dersom funksjonstida er under eitt år, blir den faste godtgjersla avkorta forholdsmessig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha kr 2.400,- i godtgjersle pr. møte, dersom dei må tre inn og leie møtet i leiarens fråver.

Den kommunale deflatoren (generell pris- og lønsauke for kommunane) er anslått til 2,8 prosent for 2019. Ei justering i tråd med dette blir lagt fram som forslag til representantskapet.

På bakgrunn av ovanstående blir framlegg til godtgjersle for styre og representantskap lagt fram for representantskapet med slik

### **tilråding til vedtak:**

- Godtgjering for arbeidet i representantskapet og styret blir sett til kr 1.750,- pr. møte.
- Leiar i representantskapet og leiar i styret skal ha fast årleg godtgjersle med tillegg av godtgjersle pr. møte. Godtgjersle til styreleiar utgjer kr 23.650,-. Godtgjersle til leiar av representantskapet utgjer kr 8.550,-. Dersom funksjonstida er under eitt år blir den faste godtgjersla avkorta forholdsmessig.
- Nestleiar i representantskapet og nestleiar i styret skal ha kr 2.500,- i godtgjersle pr. møte dersom dei må tre inn og leie møtet i leiarens fråver.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



<b>Sak 10/19 - Erfaringsutveksling frå kontrollutvala</b>
---

**Bakgrunn:**

Det er ønskeleg at kvar enkelt utvalsleiar gir ei kort oppdatering om arbeidet i sine utval. Formålet er å sjå om det kan vere noko å lære av andre, og kva som kan gjerast for å styrke arbeidsbetingelsane til utvala.

Sidan dette mest sannsynleg er siste møte i representantskapet i denne perioden, hadde det vore nyttig om kvar enkelt kunne kome med nokre kommentarar eller forslag til forbetringar på korleis sekretariatet kan støtte dei komande kontrollutvala. Dette kan vere ting som møtegjennomføring, tal på møte, høve til politisk leiing og administrasjon, samhandling med revisor eller andre ting.

Saka blir lagt fram utan tilråding til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS